



Sulatorget



TORS DAG 18. SEPTEMBER 2025 - NR 34

Kva er din digitale arv?

Bjørn og Gunnar har oppdaga at den digitale verda òg krev rydding – særleg av omtanke for neste generasjon.

KAOS AV KONTOAR OG KODAR:

– Det er vår generasjon som har oppdaga at den digitale verda òg krev rydding. Vi er dei første som verkeleg ser at dersom vi skal rydde opp etter andre, er det eit storarbeid. Vi har vore medlem i mykje, og overalt finst det passord.

Gunnar Marøy og Bjørn Olsnes er med i den ideelle organisasjonen Seniornett Sula. Mange spør dei korleis ein skal få sletta Facebook-kontoen til far eller mor som er død. Og kva med straum, TV, bank, dokument og aviser?


– Kva skjer med dei hundre tilgangane dine, når du loggar av for godt?

– Det kan bli mykje arbeid, tungvint å få rydda opp etter familie.

DIGITALE NØKLAR.

Marøy brukar eit program som held styr på hans 175 (!) digitale passord. Olsnes har skrive ned kodane på papir og låst dei vekk. I framtidsfullmakta deira står det kor dei etterlatte

Bjørn Olsnes (til venstre) og Gunnar Marøy har tenkt igjen- nom kva dei etterlet seg digitalt.



skal finne denne kodebanken – ein nøkkel til heile den digitale verda hans.

– Når ein ikkje har passordet, står det dårleg til.

Banken stengjer – rekn-ingane kjem

Nokre tenester er enkle å rydde opp i, andre krev om-

fattande dokumentasjon. Manglar ein til domes passord til nettbanken, må ein sende søknad til Statsforvaltaren. Prosessen kan ta månader. Bankkontoar blir stengde dagen etter dødsfall, men rekn-ingane held fram å kome. Difor heng dette tett saman

med framtidsfullmakt – som gjer at nokon kan ordne opp.

SKYENE FULLE AV MINNE.

– Kva ville vere det verste for dykk å ikkje få gitt vidare til neste generasjon?

– Bileta, heilt klart, seier den eine, og den andre nikkar.

Fotoalbumet har hatt dårlege tider dei siste tiåra. I staden har vi bilete lagra på cd-plater, minnepennar, harddiskar – og i dag, i ulike skytenester.

– Mange veit ikkje kor bileta er ein gong. Dei gløymmer kvar dei har lagra dei, eller at dei i det heile tatt er der.

”

Det er svært få menneske som verkeleg lever i dag - dei fleste førebuar seg på å leve i morgon

JONATHAN SWIFT



HAR DU GODE HISTORIER?

Om folk og dyr, om slumpetreff og samantreff på øya vår. Kanskje ei underfundig handling eller rar betraktning? Eller ein sulavits?

KONTAKT REDAKTØREN

på tlf. 990 11 831
eller e-post: odd@sulaposten.no

Det glade hjørnet

RETT SVAR

Lille Per kom tidleg heim frå skulen.

- Kvifor kjem du heim så tidleg i dag?, spurte mora.
- Læraren spurte om noko som berre eg kunne svare på. Eg svara rett, så eg fekk gå heim.
- Mora kjente seg stolt over sonen.
- Kva var spørsmålet?
- Kven knuste ruta i gymsalen?



Når bilete ligg spreidde og utan oversikt, kan minne gå tapt like fort som ein konto blir sletta.

EIT VANSKELEG EMNE?

- Snakkar de mykje om digital arv i omgangskrinsen dykkar?

- Litt, internt i familien.

- Korleis kan ein ta det opp?

Olsnes meiner det enklaste er å lage eit skriv og orientere familien:

- Eg ville berre ha laga det og orientert dei, og seie: Dette bør de òg gjere. Det er fleire generasjonar bakover, det er ikkje berre vi gubbar som bør tenkje på.

Også dei yngre har kontoar og digitale spor i hopetal. Dei burde òg tenkje på sine nærmaste, meiner Bjørn og Gunnar.

- Det handlar om å førebuar seg på at det er noko som skal ryddast opp. Eg kan rydde opp

litt sjølv og gjere det lett for dei som er att å rydde resten.

EKSPERTISE TIL SULA.

Olsnes og Marøy sit i styret for Digihjelpa, som hjelper folk på Sula med digitale utfordringar i kvardagen. Dei har faste tidspunkt for datahjelp på biblioteket, og dei arrangerer temakvelder.

Denne veka får dei ekspertise frå Oslo: Pia Boholm frå Seniornett Noreg kjem for å fortelje meir om digital arv og korleis ein kan rydde opp i ulike plattformer.

Elisabeth Flåskjær frå biblioteket stiller som vanleg opp som vertskap:

- Biblioteka har eit særleg ansvar for å hjelpe befolkninga til å meistre det digitale, slik at dei kan delta i samfunnet.

ELDBJØRG RØNNEBERG
eldebjorg@sulaposten.no

”

Mange veit ikkje kor bileta er ein gong. Dei gløymmer kvar dei har lagra dei, eller at dei i det heile tatt er der



Her er dei to midt i ei runde Mario Kart. Arkivfoto



Ryddar opp på Kvasnes

Ein lesar har varsla gjennom eit lesarbrev nyleg at det er uhaldbare tilstandar på vegane inn til reinseanlegget på Kvasnes, og samanlikna det med ein svinesti.

Problemet vart også teke opp i Plan- og miljøutvalet onsdag 10. september, der det vart etterlyst handling.

Terje Endresen, prosjektleiar anleggsarbeida for Kongs- haugen reinseanlegg, er samd i at tilstanden på vegane var altfor dårleg.

- Vi fekk 8. september tilsendt bilede av korleis vegen hadde sett ut gjennom helga. Dette vart det tatt tak i med ein gong, og neste dag var det ein kostebil med spyling der, fortel Endresen.

Han legg til at ein slik bil er bestilt inn på fast basis av entreprenør framover. Både dei og Endresen er samde om at dette må til for å få tilfredsstillande vegstandard framover. Bilen vil kome annankvar eller tredje kvar dag for å få unna det som skulle bygge seg opp. Det er entreprenøren sitt ansvar å halde vegen i korrekt stand, og prosjektleiar som byggherre skal sjå til at dei held seg til kontrakta.

- I denne helga blei det et avvik på dette, beklagar han.



Éin tatt i fartskontroll

Politiet melde sist søndag at ei patrulje hadde gjennomført fartskontroll i 70-sona på Sulavegen.

Det vart skrivne ut eitt forenkla forelegg. Høgste fart vart målt til 94 km/t.

Ledig stilling i lokalavisene

NORSK
BARNEBLAD

Norsk Barneblad
søker ny redaktør
og dagleg leiar

→ Finn jobben på
stilling.m24.no eller lla.no

LOKALAVISA I SAMARBEID
MED M24 OG LLA

~Sunnmøre
begravelsesbyrå
Alltid til stede for deg

Døgnvakt
70 17 86 60

Vi samarbeider med
BINDERIET
Lokal blomsterleverandør
Nergård Stenindustri
Gravstein | Navnetilføyer | Oppussing

GRAVSTEIN

Stor utstilling



Be om brosjyre

Vartdal monument

Tlf: 70 04 22 10 | Mob: 941 72 252

e-post: steinhogger@hotmail.com

Seniornett
Saman for digital meistring



BIBLIOTEKET
SULA

Digital arv

På Sula bibliotek
Torsdag 25. september
Kl. 18 - 20

Seniornett Sula og Sula bibliotek inviterer til samling om temaet "Digital arv". Pia Boholm, frå Seniornett Norge, er med som foredragshaldar. Dette handler om å førebu seg på å slette det som er av digitale spor. Ved sjukdom og død, er det behov for å rydde opp i det "digitale liv", som har dine spor på mange område. Det er dette vi skal snakke om.



Heftet "Digital arv" kan du kjøpe på samlinga for kr. 150,- (medlem kr 75,-)



- GRAVMINNER
- NAVNETILFØYELSE
- SKRIFTFORNYING
- VEDLIKEHOLD

70 14 44 52 / 917 72 450
post@gaseide.no
www.gaseide.no



GÅSEIDE GRAVMONUMENTER

Byes Begravelsesbyrå

Est. 1886

Trygghet og omsorg når et liv har stilnet

Gravferd, nytt gravminne, fornying,
vedlikehold og stell av gravsted

Døgnvakt: +47 920 49 999

Sula - Ålesund - Giske

